



Det er ingen planar om utbetring av fylkesvegen, opplyser vegsjefen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fylkesmannen og Statens vegvesen har no kome med uttale i samband med det offentlege ettersyn av planprogram for Uskedalen sandtak på Døssland og det er mange spørsmål som må klargjerast og utgreiast.

Statens vegvesen konstaterer at tiltaket vil verta tilknytt fylkesveg 47 og vidare til riksveg 48 for uttransport av massane. I konsekvensutgreiinga bør tilhøvet mellom uttak og transport av massane vera omtala. Fylkesvegen er gitt bruksklasse 10 og tillet ikkje bilar lenger enn 12,4 meter. Det er i dag ikkje planar om utbetring av vegen på denne strekkja. Auka trafikk på fylkesveg 47 med tunge, store bilar kan føra til problem når det gjeld møteplassar og tilhøve til mjuke trafikantar, mellom anna skuleborn. I planprogrammet bør konsekvensane for dette tilhøvet omtalast og også korleis dette kan utbetrast.

Fylkesmannen er open for ei omregulering ettersom det har vore drift av sandtak i dette området tidlegare. Men han har fremja motsegn til reguleringsplanen grunna mangelfull handtering av verknader som tiltaket vil kunne få for miljø, naturressursar eller samfunn. Spesielt var forholdet til fiskepopulasjonen påpeika. Planarbeidet skal bero inntil konsekvensutgreiinga er gjennomført.

Om planprogrammet har fylkesmannen ei rekkje merknader. Mellom anna påpeikar han at det manglar opplysningar om planlagt uttaksvolum (berre mogeleg volum), driftstid og driftsopplegg. Vidare må det fastsetjast rekkefølgekrav slik at utvinninga skjer trinnvis. Og det må stillast krav om lukking og tilbakeføring av delområde med jordsmonn og stadeigen vegetasjon før ein opnar nye delområde.

Fylkesmannen peikar på at uttaket av massar i planlagd omfang vil endre dalføret sin karakter og identitet samt påverke landskapsopplevinga i dalen i vesentleg grad. Konsekvensutgreiinga må klargjere om utvinningsrekkefølge kan vera eit grep for å redusera dei negative verknadene sandtaket vil ha på landskapet.

Vidare peikar han på at tiltaket vil koma i konflikt med friluftinteressene og at Miljøveranvdelinga forventar avklaring på korleis konfliktane kan løysast. Det er også viktig at dei kvartærgeologiske tilhøva i planområdet blir vurdert. Mellom anna er det naudsynt å kartlegga om grunnvasspeglet vert påverka av sandtaket.

Fylkesmannen krev også at det blir gjort greie for korleis massane skal verte transportert frå Uskedalen og kva konsekvensar dette får for omgjevnadene.

Av Ola Matti Mathisen



Uttaksområdet med Haugland i forgrunnen.